



BRANN: Nyskaping handlar om brann, meiner Dag-Jørund Lønning, og saksbehandlarar må bli flinkare til å kjenne att det brennande og engasjerte mennesket bak nyskapingar. I dag er dei sjanselause viss dei ikkje legg fram ein gjennomarbeidd finansieringsplan. – Gje større rom til mennesket, sa Lønning. Foto: Svein Heggheim

– Leik dykk til vekst!

BULYST: – Gje rom til det brennande og engasjerte mennesket, oppfordra høgskulerektor Dag-Jørund Lønning under bulystfestivalen «Gjer oss heite».

SVEIN HEGGHEIM
svein.heggheim@firda.no 91149819

Men rektoren på Høgskulen for landbruk og bygdenæringar meiner for mange gode idear blir trykte ned av byråkratar som er meir opptekne av produktet enn mennesket bak ideen.

Han felte ein knusande dom over menneska i dei rådgevande tiltaksapparata som møter brennande og engasjerte menneske som trur veldig sterkt på eigen idé.

Dei fokuserer for sterkt på om prosjektet er nyskapande nok, eller om det har ein god forretningsplan. Og løyvingsskemaet

■ Slik kan bygda snu folkenedgang

SAKA

■ Kommunane Gløppen, Jølster og Luster var arrangørar av bulystkonferansen «Gjer oss heite» på Skei torsdag og fredag. 80 personar deltok på konferansen.

gir ikkje eitt øre utan ein slik plan, ifølgje Lønning.

Det brennande mennesket

– Men saksbehandlarane har ein minst like viktig jobb i å vurdere mennesket bak ideen. Han må lære seg å kjenne att det brennande og engasjerte mennesket, og vurdere om vedkommande er i stand til å klare dei nødvendige åra med vatn over hovudet som alle gründerar må takle. Dei skal få støtte, sa Lønning.

Han meiner det er for mange motkrefter som kveler idear pre-

sentert av eldsjeler som brenn for eit prosjekt dei meiner er nyskapande. Byråkratar er ofte ei motkraft. Det same er menn over 50, som føler dei har kontroll over heimstaden og veit korleis ressursane skal brukast. Nyskapingar finn vi oftast blant kvinner og ungdom, ifølgje Lønning.

– Sjå på Fyresdal og Voss

Lønning har mange års roynsle som bygdeforskar. Han har fleire års fartstid i Telemarksforskning og Nordlandsforskning, og har mellom anna jobba med korleis få folk til å flytte til bygda i ei tid der dei urbane verdiane står sterkare enn nokon gong for.

I sitt innlegg brukte han Fyresdal i Telemark som dome. Stor fråflytting prega utkantkommunen då kommunen og ressurspersonar tok skeia i eiga hand. I dag har Fyresdal størst prosentvis folkevekst i heile fylket.

– I snuprosessen fekk dei leikande menneska rom til å utvikle idear. Det viste seg å vere opninga for å snu den negative spiralen, sa Lønning.

Han meiner nyskaping handlar om leik, og om å sjå på nye måtar å utnytte ressursar som alltid har vore i lokalsamfunnet.

– Sjå på ekstremidrettbygda Voss. Fjella og vassdraga har vore der i fleire millionar år. Men med nye blikk har vossingane funne nye måtar å utnytte ressursane, sa høgskulerektoren.

” Saksbehandlarar må lære seg å kjenne att det brennande mennesket.

Dag-Jørund Lønning



SKUMMELT: Omdømebygging kan vere skummelt, men Jølster-ordførar Gerd Dvergsdal meiner det er viktig. Det er krevjande å tenkje i eit perspektiv på 10–15 år, meiner ho.

– Ein skummel prosess

Jølster-ordførar Gerd Dvergsdal er absolutt for omdømebygging, men har erfart at det kan vere ein skummel prosess.

– Vi har erfart at det tek tid å kartleggje problemstillingane. Vi må få opp alt det negative og bryte det ned for å finne det positive vi vil gå vidare med. Det er tidkrevjande, noko som ikkje passar like godt inn i det hastesamfunnet vi lever i i dag. Folk vil ha resultat i løpet av to-tre år. Men det er ein krevjande prosess og vi må operere i eit 10–15 års perspektiv, sa Dvergsdal.

Ifølgje høgskulerektor Dag Jermund Lønning står merkeva-

rebygging på planen i nesten alle kommunar.

– Og Jølster har hatt sitt prosjekt i gang sidan februar 2010. Eit av dei konkrete utslag av prosjektet er eit lokalproduert sølvsmykke som blir delt ut til alle nyfødde i kommunen.

Som fleire kommunar har også Jølster satsa på å lokke ungdom heim etter avslutta utdanning.

– Men vi er medvite varsam med å mase dei unge heim. Det viktige er å vise dei kva som har skjedd sidan dei har vore borte for å ta si utdanning, sa Jølster-ordføraren, som var ein av dei 80 som deltok på bulystkonferansen torsdag og fredag.